

**Gjekk seg fast i Vetletindveggen**

11.07.2013



**2 erfarne klatrarar gjekk seg bom fast i Vetletindveggen i føremiddag og måtte hentast ned av eit Sea King redningshelikopter. Då dei var rundt 150 meter frå toppen på Nåso kom dei korkje opp eller ned og måtte be om bistand, Dei ringte sjølve til Hovudredningssentralen ved 12-tida. Helikopteret løfta dei ned til bilen deira.**

Operasjonen gjekk føre seg i kontrollerte former og var udramatisk, fortel folk under Ulvanåso som såg det heile i kikkert.

Klatrarane var nede att ved 14-tida og dei var i fin form og heilt uskada.

Biletet viser Vetletindveggen fotografert av Odd Magne Øgreid.